



Rune Lekven Skår  
Ådlandsvegen 905  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3491 - 17/4785

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
10.02.2017

## Førebels svar - trong for tilleggskommentasjon - gbnr. 11/2 Hølleland

Vi viser til dykkar søknad motteke 28.11.16 samt vårt skriv datert 28.11.16 og dykkar ettersending høvesvis 08.12.16 og 03.01.17.

Det vart i brev datert 28.11.16 etterspurt dokumentasjon på nabovarsling av søknad om frådelling, i oversending 08.12.16 er det lagt ved nabovarsel som er signert 16.11.15. Det er ikkje lagt ved dokumentasjon på når rekomanderte varsel er sendt.

Eit nabovarsel er berre gyldig i eitt år jf. byggesaksforskrifta § 5-2, 3.ledd, dersom søknad vert sendt kommunen seinare enn 1 år etter at varsel er levert nabo/gjenbuar, skal det sendast nytt varsel. Det kan ikkje dispenserast frå byggesaksforskrifta.

**De må nabovarsle søknad om frådelling på nytt, vi legg ved blankettar som er oppdatert etter dagens lovverk.**

Kommunen ber om at tilleggskommentasjon vert sendt inn samla innan 10.03.17.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing



Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

5155n-opplysninger\_gjeve\_i\_nabovarsel  
5156n-kvittering-for-nabovarsel

**Mottakarar:**

Rune Lekven Skår

Ådlandsvegen 905 5918

FREKHAUG